




AGDER
fylkeskommune

Bykle

Utval statistikk fordelt på økonomisk, sosial og klima- og miljømessig bærekraft



Kjappe fakta om Bykle kommune




Areal (km2)	
Areal	1 467,1
Landareal	1 247,5
Bebyggd/samferdsel areal	8,6
Ferskvatn	219,6
Jordbruksareal	3,1
Verna areal	915,8


Tenester	
Barneskular	2 (67 elevar)
Ungdomsskular	1 (36 elevar)
Vidaregåande skular	Setesdal vgs
Tannklinikk	Bykle
Fylkesveg (km)	2

Folk	
Folketal	1 039
Andel kvinner	49,1 (Agder: 49,7)
Andel i tettstad (SSB)	67 %
Gjennomsnittsalder	menn 42,2 - kvinner 42,2
Forventa levealder	menn 81,2 - kvinner 86,3
Personar per hushald	1,97 (Agder: 2,10)


Samfunn	
Administrasjonssenter	Bykle
Interkommunalt politisk råd	Setesdal
Sentralitetsklasse	6
Distriktsindeks	44,9
BA-område	BA45 Bykle




Befolkning og demografi



SSB spår befolkningsauke i Bykle som følge av fødselsoverskott, positiv innlands flytting og positiv netto innvandring.



Dersom SSB's framskriving slår til, vil aldersbæreevna minke frå dagens 4,3 til 2,8 i 2040. Aldringa er sterkare i Bykle enn snittet for Agder.




Befolkningsutvikling

Frå 2018 til 2023 auka folketalet i Bykle med 37 personar (3,9 %).

Innvandring til byane, aldring, og ynskje etter nærleik til service/tenester og arbeidsmarknad gjer at mange kommunar kan oppleve vekst i kommunesenter og tettstader sjølv om folketalet samla går ned.


I Bykles tilfelle har Hovden grunnkrets vakse med 47 personar og Hoslemo med 6. Bykle grunnkrets gjekk likevel ned med 18 personar i same periode.



Bustadbygging

- I perioden 2019-2024 ble det igangsett i gjennomsnitt 4 bustader i året, hvorav ca. 39 % einebustader.


Igangsatte boliger - SSB 05940



Bustadmasse

- Status i 2025 viser at det er 707 bustader i kommunen (budde og ubudde).

Boligmassen per 2025 (andel i prosent) - SSB 12941





Økonomisk bærekraft

I Regionplan Agder 2030 teiknast eit framtidsbilete der Agder i 2030 lukkast med å bruka det grønne skiftet til innovasjon og verdiskaping, og ny teknologi bidreg til å løyse dei store klima- og miljøutfordringane. Fleire ressursar vært gjenbrukt og Agder er omstilt til ein meir sirkulær økonomi. Agder er ein attraktiv region for etablering av ny grøn kraftforedlende industri, basert på regionens fortrinn og egne kraftressursar.



Syssselsetting


Regionale forskjellar:

- Lågast sysselsettingsandel helt aust i Agder, og høgast andel i dei aller minst sentrale kommunane.

Bykle:

- Høgare sysselsettingsandel en fylket, og over gjennomsnittet for landet.

Status 2024, alder 20-66 år	Begge kjønn	Menn	Kvinner
Bykle	80,9	83,5	78,0
Agder	73,6	76,4	70,7
Norge	76,9	79,1	74,7




Bu- og arbeidsmarknader

- Bykle er senterkommune for Valle, men låg sentralitet gjer at heile 77 % av sysselsette med bustad i Bykle arbeider i Bykle per 4. kvartal 2024 (SSB). 5 % arbeider i Valle kommune.

Fra kommune	Til kommune	Antall
Bykle	Bykle	461
Bykle	Valle	31
Bykle	Kristiansand	21
Bykle	Evje og Hornnes	17


Fra kommune	Til kommune	Antall
Bykle	Bykle	461
Valle	Bykle	53
Kristiansand	Bykle	22
Evje og Hornnes	Bykle	14

Kommunens viktigaste pendlingsrelasjonar per 4. kv 2024 (SSB)




Sektorfordeling og tilsetteutvikling

Sysselsatte per sektor, 4. kvartal (SSB 13472)





Sysselsatte per sektor, 4. kvartal 2024 (SSB 13472)



Bykle har ein lågare andel tilsette i privat sektor enn snittet for Agder og Norge. Andelen har variert mykje i perioden frå 2019-2024.

Bykle				
Sektor	Antall	Andel	Agder	Norge
Offentlige eide foretak	37	5,8 %	2,5 %	4,0 %
Fylkeskommunal forvaltning	3	0,5 %	2,3 %	1,7 %
Statsforvaltningen	11	1,7 %	9,5 %	11,6 %
Kommunal forvaltning	229	35,6 %	22,2 %	18,2 %
Privat sektor	363	56,5 %	63,4 %	64,5 %

Næringsstruktur – 4. kvartal 2024



Hovden hytteservice AS (Grunnarbeid) er den største private arbeidsgiveren i Bykle (bygg- og anleggsbedrift).


Den største industribedriften er Bykle vindu AS avd. Bykle.



Sosial bærekraft


Regionplan Agder 2030 teiknar eit framtidsbilete der Agder er eit meir inkluderande samfunn. Fleire Agder lever aktive liv, og både deltar og bidrar i samfunnet.

Utdanningstilbodet gir alle tilgang til arbeidsrelevant kompetanse, og fleire er i arbeid. Færre veks opp i fattigdom.



Grunnskulepoeng

- Bykle ligg over fylkessnittet for grunnskulepoeng de siste 5 årene.
- Det er ikkje statistikk tilgjengelig for 2023.
- Grunnskulepoenga for 2020, 2021 og 2022 er basert på standpunkt, sidan eksamenar blei avlyst under pandemien. Dette gjer at grunnskulepoenga for desse åra ikkje utan vidare kan samanliknast med andre år.




Fullføring vidaregåande opplæring

- For 2018-kullet var fullføringsgrada i kommunen 100 %.
- Nye prikkeregler for 2018-kullet kan gi utslag på gjennomføringsgraden.
- Se notater for detaljer.
- Tabellen under viser fordeling av 1. ønske-søkere til vgo for 2025.

Utvalg	Kjønn	Yrkesfag	Studieforb.
Bykle	Begge kjønn	10,0 %	90,0 %
	Kvinner	0,0 %	100,0 %
	Menn	16,7 %	83,3 %
Agder	Begge kjønn	53,4 %	46,6 %
	Kvinner	47,0 %	53,0 %
	Menn	59,6 %	40,4 %



Fullføring vgo, begge kjønn, alle utdanningsprogram




Rapport gjennomføring

Lærekontraktar kommunal og privat sektor


- Bykle er ein av syv kommunar som har nådd målsetjinga om tre lærekontraktar i kommunal sektor per 1000 innbyggjarar i 2025.
- Bykle har 4 lærekontraktar i kommunal sektor.
- Bykle har 8 lærekontraktar per 1000 innbyggjarar i privat sektor (2025).



Deltid kvinner 20-66 år




Status 2023, alder 20-66 år	Begge kjønn	Menn	Kvinner
Bykle	23,9	17,0	32,3
Agder	30,4	18,4	43,9
Norge	24,7	16,0	34,3



Sysseletjing etter landbakgrunn

- Blant innvandrarar – og særleg innvandrarar frå Gruppe 2-land – er det ein betydeleg lågare sysseletjing enn befolkninga elles.
- Tala understrek verdien av ei målretta satsing på kvalifisering og inkludering av innvandrarar frå Gruppe 2-land til arbeidslivet.

Andel sysselettede over tid, landbakgrunn og kjønn (20-66 år)




Rapport sysseletting

Vedvarende lavinntekt

- Inntekt og økonomi er grunnleggende påverknadsfaktorar for helse, og forskning har vist at det er ein samanheng mellom inntektsnivå og helsetilstand.
- Låginntekt aukar sannsynet for dårleg sjølvopplevd helse, sjukdom og for tidleg død.
- Andel personar i hushald med låginntekt har auka meir i Agder enn i Norge elles.

[Rapport lavinntekt](#)




Andel personer i husholdninger med vedvarende lavinntekt (EU60)



Tannhelse

- Den offentlige tannhelsetenesta overvakar tannhelsa i den unge befolkninga gjennom systematiske registreringar av antal nye hol, tannflater med fyllingar og tapte tenner (DMFT).
- Registreringane gir eit grovt mål på utviklinga i tannhelsa over fleire år, og gjev moglegheit for å samanlikne tannhelsa mellom kommunar, fylke og gjennomsnitt for landet.

Rapport tannhelse





Klima- og miljømessig bærekraft

Regionplan Agder 2030 teiknar et framtidsbilde der Agder har redusert klimagassutslepp med minst 55 prosent. Vi er på god veg mot lavutslepps samfunnet, og samarbeider på tvers av sektorar og næringar om ein meir effektiv bruk og gjenbruk av alle ressursar.


Vi tar grønne reiseval i heile regionen, og det er lagt til rette for nullutsleppsløysningar for personmobilitet og godstransport. Det er enkelt og attraktivt å reise kollektivt, gå og sykle til daglege gjeremål.



Klimagassutslepp


- Regionplan Agder har mål om at årlige utslipp skal reduseres med 55 % i 2030 sammenlignet med 2017.
- Historiske utslipp fram til 2023 ligger langt over målbanen som må følges for å redusere utslippene med 55 % i 2030 sammenlignet med utslipp i 2017.

[Rapport klimagassutslipp](#)




Arealressurser

Per 2022 er 65 % av Bykle dekt av open fastmark, 17 % skog, 15 % ferskvatn, 2,5 % myr, medan fulldyrka jord utgjør 0,1 %. Bebyggt areal og samferdsel utgjør til saman 0,5 %.




Ca. 62 % av arealet i Bykle er vernet etter naturmangfaldlova.

Samlet for Agder er 16,3 % av arealet vernet.



Planlagt arealbruk

- Regionalt arealreikneskap er utarbeida ved å samanstille kommuneplanen sin arealdel, digitale reguleringsplanar, arealressursdata (AR5 og AR50) og SSB sitt datasett for arealbruk.
- Regionalt arealreikneskap viser at Bykle har satt av store areal, og då særleg til fritidsbustader.
- Samla er det sett av byggeområde i natur tilsvarande 7 dekar per innbyggjar.
- Gjeldande planar opnar for utbygging av meir enn 5 000 dekar skau og nesten 1 000 dekar myr.



Fritidsbebyggelse og eiere

- Det er ca. 2800 bruksenheter til fritid i Bykle, og ca. 5300 eiere (alle eierandeler inkludert).
- Figur gir en oversikt på antall hytteeiere fordelt på kommuner.
- Kristiansand er største «hytteeierkommune».

